

Magnar Askeland

Rosslandsvegen 293

5918 FREKHAUG

10.09.17

SØKNAD OM JORDPÅFYLLING OG PLANERING PÅ GNR.22, BNR.4-MJÅTVEIT

Søkjer herved om å på oppgradera arealet som er innteikna på vedlagte kart. Arealet vil då verta til samanhengande slåtteareal frå tunet på bruket til tidlegare omsøkt areal som no på det nærmeste er ferdig. Feltet vert avgrensa av gardsvegen i sør, og driftsveg/steinvoll i nord. I vest vil ein starta nedanfor sikkerhetssona til høgspentleidningane, og i aust mot tidlegare opparbeidd areal.

Avskjeringsgrøfter er tatt og skal koblast saman. Kanten på steinbruddet frå bygging av gardsvegen må skytast litt ned for å få samanheng og rett arrondering. Det må fyllast på ca. 3 meter i snitt. Arealet er ca. 6 dekar. Det kan berre takast imot relativt tørre avgravingsmassar.

Driftveg/voll i nord og gardsvegen i sør vil hindre utgliding av massar, i tillegg til at det ikkje vert tatt imot myrjord. Arealet skal profilerast slik av det vert god avrenning av overflatevatn.

Når det gjeld transporten inn i området vil denne gå inn frå rundkjøringa på Mjåtveit og følgja gardsvegen inn. Transporten er såleis aldri til hinder for annan trafikk. Me innrettar oss etter dei reglar som gjeld for fylkesvegen, og har dialog med vegvesenet når det er naudsynt.

Vonar på positivt svar!

Med helsing



Magnar Askeland